



# ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2012



## Referat frå årsmøte

Stad: Osterøy Stadionbygg

Tid: 12. mars 2012 kl. 19.00.

Frammøte: Det møtte 15 på årsmøtet.  
Karl Johan Reigstad, Øyvind Litland, Bernt Johan Flæsland, Bjarte Vik, Randi Vevle, Åse Bergheim, Ragnhild Balsvik, John Erik Jørgensen, Tore Langeland, Lars-Erik Haga, Svein Lohne, Joachim Borge Solberg, Tor Olav Kalberg, Jan Daltveit, Eystein Markmanrud.

### SAKLISTE

- SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, og godkjenning av stemmeretten til årsmøtedeltakarane.  
*Vedtak: Innkallinga og saklista vart einstemmig godkjend. 14 årsmøtedeltakarar er medlem av OIL og har dermed stemmerett. Ønske om å velje ein annan dag enn måndag neste år. Det vil styret ta hensyn til.*
- SAK 2 Val av ordstyrar, referent og 2 til å underskriva årsmøtereferatet.  
*Vedtak: Svein Lohne vart vald til ordstyrar, Eystein Markmanrud vart vald til referent, Lars Erik Haga og Joachim Borge vart valde til å underskrive referatet frå årsmøtet.*
- SAK 3 Årsmelding for 2011 inkl. gruppene sine årsmeldingar.  
*Vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til årsmelding.*
- SAK 4 Rekneskap for 2011 og disponering av årsresultat.  
Resultatrekneskap og Balanse for OIL samla og for dei einskilde gruppene vart lagt fram på årsmøtet.  
*Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen slik den ligg føre. Disponering av overskot/underskot slik det framgår av rekneskapen vert gjort opp mot dei einskilde gruppene/hovudkassen sin konto 2050: Annan eigenkapital.*



## ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2012



### SAK 5

#### Organisasjonsplan 2012

Etter basislovnorma skal årsmøtet kvart år vedta laget sin organisasjonsplan. OIL sin første organisasjonsplan vart vedteke på årsmøtet i 2008. Det er ikkje framlegg til endringar i organisasjonsplan i forhold til organisasjonsplanen for 2011.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til organisasjonsplan for OIL for 2012.*

### SAK 6

#### Strategiplan

I arbeidet med ny strategiplan har styret hatt fellesmøte med alle gruppestyra den 2 januar. Utkast til strategiplan har vore sendt til uttale i gruppene i februar 2012.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til strategiplan for OIL for 2012 med følgjande endringar/tillegg:*

*Idrett: Auke i medlemstalet for ungdom mellom 13-19 år med 20%, og auke i talet på ungdom mellom 20-25 år med 20%.*

*Anlegg: OIL skal arbeide for auka hallkapasitet i Osterøy kommune.*

*Informasjon: Starte planlegging av OIL sitt 100-årsjubileum, t.d. gjennom eit bokprosjekt.*

*Økonomi: Arbeide for å fjerne halleige for aktivitet som omfattar barn og unge under 25 år.*

### SAK 7

#### Medlemspengar for 2013

*Vedtak: Medlemspengane for 2013 vert dei same som for 2012;*

*Barn kr. 250,-*

*Vaksne kr. 500,-*

*Purregebyr på kr. 50 pr. purring*

*Innmeldte f.o.m. 01.08. i året betalar halvparten av medlemspengane for det første året.*

### SAK 8

#### Budsjett 2012

Budsjett for OIL fordelt gruppevis og for hovudkassen vert lagt fram på årsmøtet.

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett for 2012.*



## ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2012



### SAK 9

#### Innkomne saker

Frå turngruppa: Idretten i Osterøy har i lang tid hatt ein nedgåande trend i medlemsmassen. Dette gjeld ikkje berre i Osterøy, men generelt i heile landet. Med bakgrunn i det meiner me det må vær viktigare for dei ulike laga og gruppene å bruka energien og innsatsen på å engasjera og skaffa alternativ for dei unge, framfor å bruka mykje tid på å skaffa midlar til å betala f. eks. halleige, både i vekedagar og i helger. Aktivitetar som inkluderer barn og unge bør fritakast for leieutgifter i Osterøy Kommune.  
Vedtak: Årsmøtet viser til vedlegget om økonomi i strategiplanen i sak 6, og ber styret vidaresende saka til årsmøtet i IRO for 2012.

### SAK 10

#### Val

- Hovudstyret

Leiar: Ragnhild Balsvik	12
Nestleiar: Åse Bergheim	11/12
Controllar: Joachim Borge Solberg	11/12
Skriver: Eystein Markmanrud	12/13
Styremedlem:	
Styremedlem: Albert Slettebakken	12/13
Styremedlem: Torstein Mjelde	12/13
Styremedlem: John Erik Jørgensen	12/13
Styremedlem:	

Vedtak: Årsmøtet godkjenner hovudstyret for 2012 slik det står. Dei to siste styremedlemma blir vald på omfram årsmøte 16. april kl. 19.00.

- Revisorar

Vedtak: Årsmøtet godkjenner Heine Solberg, Annette Fitje og Sigbjørn Reigstad som revisorar.

- Representantar til årsmøtet i idrettsrådet i Osterøy

Vedtak: Årsmøtet godkjenner at Ragnhild Balsvik, Åse Bergheim, Tore Langeland, Joachim Borge Solberg og Øyvind Litland stiller på årsmøtet i IRO. Vara: Tor Olav Kalberg.

- Utsendingar til ting og møter i organisasjonar som OIL er tilslutta.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner at medlemmar av hovudstyret kan representere laget i slike høve. Hovudstyret får fullmakt til sjølv å utpeike representantar til slike møte dersom det vert aktuelt.



## ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2012



- Valnemnd for hovudstyret

*Vedtak: Årsmøtet godkjenner Bjarte Vik(leiar), Siri Sunde Tysse og Linda Skjerping som valnemnd*

### **Gruppestyra:**

<b>GRUPPE</b>	<b>LEIAR</b>	<b>KASSERAR</b>	<b>SEKRETÆR</b>
Fotball	Eirik Bergan	Tore Langeland	Roald Martinsen
Friidrett	Marit Iren Reigstad	Børt Magne Trå	Åse Bergheim
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn			
Sykkel/orientering	Johannes Bysheim	Arild Beckstrøm	Ragnhild Balsvik
Handball	Lars-Erik Haga	Laila Borge	Tor Eivind Mjelde
"Spretten"	Berit Langeland		

*Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styra for dei einskilde gruppene slik dei står. Styret til turngruppa og Spretten blir godkjend på omfram årsmøte 16. april kl.19.00.*

Etter årsmøtet fekk dei avtroppande i styret, Randi Vevle og Øyvind Litland, blomar og velvalgte ord frå leiar for sin gode innsats i styresamanheng.

Underskrift: Joachim Borge Solberg (s)

Lars-Erik Haga (s)

Dato: 12.03.2012

Dato: 12.03.2012

Referent: Eystein Markmanrud  
Lonevåg, 12.03.2012